

Møtereferat

Dato: 01.02.2016

Emne:	Referat frå skulebesøk på Knarvik vgs, 22.1.16	
Til stades:	Frå skulen: Rektor Svein Magne Ellingsen; ass. rektor Kjersti D. Næss; avd. leiarar Rune Nesse, Patrick D'Incan, Roar Teige; ped. leiarar Kurt Inge Strømmen, Bjørn Brekkan; elevinspektør Jan Erik Espelid; tillitsvalde Jo Magnar Drønen, Heidi Stenhaug; elevar Julie Sætre og Katrine Myking. Frå opplæringsavdelinga: Regionleiar Hillevi Runshaug og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik	
Forfall:		Sak: 2016/300-2
Møtetid:	10.00-13.00	Møtestad: Knarvik vidaregåande skule

Møteleiar: Hillevi Runshaug
Referent: Tor Ivar Sandvik

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdbaset vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane gjennomført skulebesøk ved Knarvik vidaregåande skule.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområder
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde

1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid:

Ny-organisering av møtetida

Gjennom ei ny-organisering av møtetid har skulen skapt struktur for meir effektiv bruk av, og oversikt over fellestida på skulen. Det gir personalet fleire treffpunkt og betre grunnlag for gode diskusjonar. Ved å reorganisere er målet at lærarane skal unngå kollisjonar på møteplanen og å planlegge samarbeidet på ein betre måte.

Skulen har i utviklingsarbeidet tidlegare også jobba forpliktande med tiltaksområde, men no med ein plan som gir færre kollisjonar. Strukturen gir også betre tid til å førebu møta. Lærarane meiner at auka møtetid gir mogelegheit til å diskutere meir enn enkeltelevar, at ein mogeleggjjer arbeid med pedagogisk utviklingsarbeid. Lærarane føler at dei reelt sett påverkar innhaldet i møta.

Kontaktlærarane får gjennom organiseringa tid til å jobbe saman med faglærarane i dei ulike klassane. Lærarar som deler fag nyttar fellestid til å jobbe saman. Nytilsette lærarar blir integrert i eit system med openheit og dialog om t.d. vurdering.

Det er lagt opp til forpliktande arbeid i grupper, der det er konkrete oppdrag/tema som skal jobbast med. Ei av utfordringane for leiinga er å systematisk følgje opp utviklingsarbeidet.

Elevane har enda ikkje sett så mange endringar, men seier i møtet at dei opplever meir samarbeid blant lærarane om karaktersetting.

FYR

Skulen har deltatt på FYR-skulering med både lærarar og leiarar. Ein har begynt å nytte idear frå kursinga, og det har blitt eit tettare tverrfagleg samarbeid mellom lærarane som underviser i dei yrkesfaglege klassane.

Skulen har laga plan for samarbeid no i vår. Det er sett ned ei utviklingsgruppe av dei som har vore på kurs i haust, og fokusgrupper/-team på kvart utdanningsprogram. Det er eitt eige team for kvart utdanningsprogram på Vg1. Teama skal presentere arbeidet seinare i vår. Kvart team får konkrete og forpliktande oppdrag. Utviklingsgruppa er viktig i arbeidet med å sette mål for arbeidet og vurdering av arbeidet. Prosjektet *Lesing i alle fag* blir sett som ein sentral del av FYR-arbeidet.

FYR-arbeidet settast i verk frå fullt til hausten.

Framtidig IKT-satsing

Ei sentral utfordring er korleis ein kan heve IKT-kompetansen hos elevar og tilsette.

Pedagogisk oppfølging av bruk av digitale verktøy er viktig, og skulen har gått bort frå felles kursing i IKT-verktøy. Denne metoden for kompetanseheving blir opplevd som lite hensiktsmessig. Kompetanseheving skjer no ved behov, der lokale superbrukarar blir viktige i opplæring og oppfølging.

Skulen har innført gskole, og har pålagt dei tilsette å nytte verktøyet. Dette er også eit aktuelt verktøy å nytte i samanheng med FYR.

Gjennom midlar i læringsprosjekt fekk skulen CDO-lisens. Programvaren er installert på pcane til alle SS-elevane, og er eit godkjent verktøy på eksamen. Dette gjer at bruken blir integrert på ein naturleg måte i opplæringa.

Skulen gjorde grep i matematikk på ST og TAF etter ein førespurnad om del 2 på heildagsprøvene burde digitaliserast. Prosessen i arbeidet førte til at alle lærarane ønskte det same.

Screencastomatic og Mindjet blei framheva som døme på verktøy elevar og lærarar nyttar i læringsarbeidet. Særleg Mindjet har mange bruksområde for ulike elev- og lærargrupper. Det blei påpeika at HFK burde ha ein sentral lisens for slike programvare.

Leiinga er tydeleg på kva som er felles og forpliktande verktøy for lærarane å nytte og kva som er opp til den enkelte.

Konsekvenspedagogikk på tilrettelagt opplæring

Skulen har i samarbeid med Årstad vgs, Olsvikåsen vgs og Stend vgs starta internopplæring i *pedagogisk arbeid med sosiale ferdigheiter*. Det har vore fokus på sosial læring og erfaringsdeling mellom skulane i prosjektet.

Målet er at deltakarane får ei teoretisk og praktisk forståing for konsekvenspedagogisk drift. Fellestid som vanlegvis blir nytta til kontaktlæarmøte går med til konsekvenspedagogikk. Både miljøarbeidarar og lærarar deltek på kursinga.

Deltakarane skal gjennom åtte undervisningsøkter og skal gjere ein arbeidsoppgåve mellom samlingane.

Prosjektet er organisert med ei arbeidsgruppe samansett av tilsette frå skulane i prosjektet, og ei referansegruppe samansett av HFK, HiB, rektor på Årstad vgs og ein lærar som deltek i prosjektet.

**2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupa:
Eigenvurdering: kva er viktige føresetnadar for at eigenvurdering skal fremje læring?**

Med utgangspunkt i skulen sin tilstandsrapport, utviklingsplan og resultat frå Elevundersøkinga, ønskte opplæringsavdelinga å ta opp kva som er viktige føresetnadar for at eigenvurdering skal fremje læring.

Det var jobba mykje med temaet førre skuleår på tvers av fag og utdanningsprogram. Lærarane fekk mykje igjen for arbeidet. Ny-organiseringa av møteplanen er eit viktig grep for å leggje til rette for fortsatt samarbeid i kollegiet.

Resultat frå Elevundersøkinga viser at mange elevar rapporterer at dei ikkje får vere med å vurdere eige arbeid. Lærarane kjenner seg ikkje igjen i resultatata, og det blei gitt nokre døme på gode måtar å jobbe med eigenvurdering på.

Vurdering har vore eit utviklingsområde over tid, men leiinga meiner ein kanskje ikkje er flinke nok til å systematisk kome tilbake til vurdering/eigenvurdering. Til dømes blir det nemnt at kafedialog som metode kan fremje arbeidet gjennom mindre grupper.

Det blir nemnt at det er lettare å drive eigenvurdering på yrkesfag, då mykje av opplæringa går ut på å produsere noko konkret. Klassane her er også mindre, noko som gjer det lettare for læraren å følge opp den enkelte elev.

Elevane meiner det er sentralt å vite kva som er mål for opplæringa og få mogelegheit til å påverke korleis læringa skal skje.

C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring

Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**

- ungdomsskule – vidaregåande opplæring
- mellom nivåa i vidaregåande opplæring
- mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv

- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**
- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Elevmedverknad blei diskutert i samanheng med andre tema skulen og opplæringsavdelinga tok opp. Det blei ikkje tid til å kome nærare innpå andre konkrete spørsmål eller tema under dette punktet.

D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare

Leiinga er godt kjent med det nye styringsdokumentet. Det er tydelege krav og ein ser fram til å jobbe med dokumentet. Ny-organiseringa av møtetida er eit viktig grep når ein skal operasjonalisere den pedagogiske plattformen i dokumentet. Det er tydeleg kva forventningar det blir sett til avdelingar og seksjonar, og det mogeleggjør spissa tiltak på klassenivå.

Eit nytt styringsdokument krev ein brei prosess i personalet, der både leiinga, lærarane og elevane blir involverte.

Det blei stilt spørsmål om kva kulepunktet om utanforskap betyr. Tidlegare nytta ein omgrepet inkluderande skule, men no ser ein at utanforskap er eit meir dekkande omgrep.

Det blei vist til at ei kjensle av utanforskap t.d. kan medverke til fråfall og seinare arbeidsløyse. Arbeidet med å skape og vedlikehalde eit godt psykososialt miljø og læringsmiljø er viktig i ein slik samanheng.

Som døme på kva ein kan jobbe med knytt til dette punktet, blei klassemiljø tematisert – t.d. korleis ein kan bli betre kjent med elevane i parallellklassen. Det blei også nemnt at det er ønskjeleg at eit av teama prøver ut tiltak knytt til helsefremjande skule. Her er også elevrådet naturleg kopla på i prosjektet.

E. Oppsummering og evaluering

Leiinga ved skulen er einige i prioriterte utviklingsområde og har felles tankar om korleis utviklingsarbeidet kan drivast. Tidlegare utviklingsarbeid har ikkje alltid hatt like stor oppslutnad blant det pedagogiske personalet, men no kjem mange av tiltaka frå avdelingane sjølve.

Det nye styringsdokumentet med pedagogisk plattform blir opplevd som meir tilpassa skulen si verksemd. Det er positivt med tydelege krav til både leiarar, lærarar og elevar. Dokumentet må jobbast med, tilpassast og operasjonaliserast.

Dreiinga i utviklingsarbeidet rundt IKT blei positivt framheva, gjennom at meir tilpassa opplæring framfor felleskurs gir betre læring. Det er også positivt at prosjektet *Lesing i alle fag* blir trekt med som ein naturleg del av FYR-arbeidet. Skulen har ein god struktur rundt utviklingsarbeidet og det blir jobba godt med innhald. Det er ein god balanse mellom utviklingsarbeid som blir pålagd og arbeid som baserer seg på eige initiativ.

Skulen er opptekne av å finne ut av kvifor resultatene på vurdering/eigenvurdering i Elevundersøkinga er som dei er. Det er ønskjeleg med tilbakemelding frå opplæringsavdelinga på andre skular som jobbar godt med desse temaa.

Referatet er godkjent av:

**Rektor Svein Magne Ellingsen
Regionleiar Hillevi Runshaug**